

2. framandspråk – konsekvensar i den vidaregåande opplæringa.

Det er 15 utdanningsprogram i den vidaregåande opplæringa. Fem av desse er studieførebuande, det vil seie at ein går tre år i vidaregåande opplæring, og for å få bli ferdig med utdanninga må ein gå vidare tre til fem år til på høgskule/universitet.

Dei ti andre er yrkesfaglege, det vil seie at ein vanlegvis går to år på skule med færre teorifag enn på ungdomsskulen, og deretter kring to år i lære før ein kan få ta eit fag/sveinebrev. For å finna meir ut om alle utdanningsprogramma, gå inn på www.vilbli.no.

Når ein vel eit av dei ti yrkesfaglege utdanningsprogramma, har ein ikkje 2. framandspråk (tysk, fransk eller spansk), og det betyr ikkje noko om eller kva ein har hatt på ungdomsskulen.

Om ein skal gå på eit av dei fem studieførebuande utdanningsprogramma (Studiespesialisering, Musikk/dans/drama, Idrettsfag, Kunst/design/arkitektur og Medier/kommunikasjon), må ein ha 2. framandspråk. Har ein hatt dette i tre år på ungdomsskulen, skal ein ha språk i to år på vidaregåande opplæring (sjølv om ein vel å byte språk). Ein legg inn kva språk ein ynskjer når ein søker vidaregåande opplæring. Det er lite moglegheiter for å byte etter oppstart. Dersom ein ikkje har hatt 2. framandspråk i tre år på ungdomsskulen (men engelsk fordjuping eller arbeidslivsfag), og vil gå på eit studieførebuande utdanningsprogram, er det to ting ein må vera klar over:

1. Ein må ha nivå 1 og ha 2. framandspråk over tre år. Ein mister andre fag ein elles kunne valt det tredje året. Dette får ulike konsekvensar alt etter kva utdanningsprogram ein vel i den vidaregåande opplæringa. Til dømes vil det på Idrettsfag bety at ein ikkje kan ha toppidrett 3. året.
2. Alle skulane som har studieførebuande utdanningsprogram tilbyr både tysk, fransk og spansk på nivå 2, men på nivå 1 tilbyr dei fleste skulane berre eitt språk. Dette er oftast tysk. Nokre skular tilbyr ikkje nivå 1 i det heile – det er Hetland vgs, St. Olav vgs, studiespesialisering med toppidrett på St.Svithun vgs og Stavanger Katedralskole, og ein kan difor ikkje søke opplæring ved desse skulane.

Har du spørsmål, kan dei rettast til utdanning- og yrkesrådgjevaren vår Eilen Refvik,
Epost: erug@skule.ha.no eller telefon: 51436030

Postadresse:	Kontoradresse:	Internett:	Telefon:	Telefaks:	Org.nr.
Torlandsvegen 2 4365 Nærbø	Torlandsvegen 2 4365 Nærbø	www.ha.no/nus post.narbo.ungdomsskule@ha.kommune.no	51 43 60 30		964969590